


BLAD


Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim

Austrheim kyrkje Open kyrkje



**Torsdag, fredag, lørdag og søndag
Kl. 14.00 – 18.00
4.juli til 28.juli 2024**

KyrkjeKyrkjebakken nr. 5 – 2024 – juninummeret – årgang 53- Nytt stoff innan 16.august



KYRKJEBAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn





Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

Følg med på heimeside, facebook og plakat
for eventuelle endringar.

Fredag 14.juni kl. 18.00
Gudsteneste for alle

Søndag 16.juni kl. 17.00
Gudsteneste i Austrheim kyrkje

Søndag 11.aug kl. 12.00
Gudsteneste i teltet på Fonneskaien

Søndag 18.aug kl. 12.00
Gudsteneste i Austrheim kyrkje

Fredag 06.sept kl. 18.00
Gudsteneste for alle

Søndag 08.sept kl. 17.00
Gudsteneste med presentasjon av dei nye
konfirmantane

**Det vert «Open kyrkje» i sommar.
Eit samarbeid mellom
soknerådet og sogelaget.
Det er ope torsdag – søndag
kl. 14-17 i heile juli.**

50-årskonfirmant
**Det vert sendt ut invitasjon til
50-årskonfirmantar no snart.
Samlinga vert søndag 06.oktober**



Velkommen heim!

Bibeltekst: Lukas 15, 11-32

Eg synst den er fin, forteljinga om den bortkomne sonen. Du kjenner sikkert historien. For den er kjent. Kan hende ein av dei mest kjende likningane vi har i Bibelen vår. Med nokre strekar teiknar Jesus bilet av Gud. For med faren i forteljinga får vi vite korleis Gud er.

Med sonen får vi bilet av menneske som kjem bort frå sin himmelske Far og held på å gå til grunne, men som, gudskjelov, kjem på betre tankar, snur om og gir seg på heimveg.

Faren let sonen gjera som han ville. Han tvinga han ikkje til noko som helst. Å vere heime er frivillig. Å dra bort er lov. Han fekk det han hadde rett på og drog. Far var nok bekymra. Frykta det verste, men håpa på det beste.

Hos Gud hører vi heime, som born hos foreldra sine. Han gav oss arverett, den om vi vil med arven vår. Vår himmelske Far trekkjer den ikkje til bake, men sjølv kan eg skusla den bort. Vi er fristilte. Frie til å velja.

Det vart ikkje som han hadde tenkt. Pengane tok fort slutt. Med pengane for venene. Til slutt har han ingenting att. Fekk seg arbeid med å gjeta svin. Eit uttrykk for at han var komen så langt ned som det vel var mogeleg å koma. Å gjeta svin var ikkje lovleg for ein jøde. Loven gjorde det klinkande klart: Forbanna er den som forar svin! No gjekk han ilag med grisane og delte maffat med dei: "For ingen gav han noko." Han var fortapt – hjelpelaust fortapt.

Det store vendepunktet kom då han gjekk i seg sjølv, eller kanskje rettare, kom til seg sjølv og bestemte seg for å fara heim att. Menneske borte frå Gud er på sett og vis ikkje seg sjølve. Fullt og heilt oss sjølve er vi når vi lever i pakt med vår bestemmelse. Lever livet i lag med vår himmelske Far. For det var det vi var bestemte til alt frå skapinga sin første dag: Leva livet i lag med vår Skapar og Far.

"Medan han endå var langt borte, fekk faren sjå han, og han ynkast underleg. Han sprang i mot han, kasta seg om halsen på han og kyste han!".

Før han får sagt eit einaste ord om kor forferdeleg han har stilt seg kjem faren han i møte og omfavnar han. Før sonen si syndsvedkjening er faren der med sin kjærleik og opne favn. Slik vert det fest av!

"Som når et barn kommer hjem om kvelden og møter en vennlig favn, slik var det for meg å komme til Gud, jeg kjente at der hørte jeg hjemme. Det var en plass i Guds store rom, en plass som lenge ventet meg. Og jeg kjente: Her er jeg hjemme, jeg vil være et barn i Guds hjem."
Nr.325, Salmeboka.

Stein Hugo Fykse



Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslaup 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydkontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:
Sokneprest:Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:
Stein Hugo Fykse 909 60 154
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og
kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar
Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen
Epost kyrkjabakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

KJÆRE KONFIRMANTAR



Hjarteleg til lukke med konfirmasjonen:
Det vart ein flott dag i kyrkja, og me
håpar alle fekk ei flott feiring etterpå.
Tusen takk for at de ville konfirmere
dykk her i Austrheim kyrkje. Kyrkjelyden
har fått glede av å sjå dykk både på
presentasjonsgudsteneste, lysmesse,

samtalegudsteneste og no til slutt
konfirmasjon. Amelie hadde preike på
gudstenesta, og ho både preika og song
om hjarta. «Ta vare på hjartet framfor
alt, for livet går ut frå det.» ordtøka 4,23.
Takk for eit fint år!

**KONF
IRM
AN**
20  25

PÅMELDING TIL NESTE ÅRS
KONFIRMASJON KAN DU GJERE PÅ
WWW.AUSTRHEIMKYRKJA.NO

Austrheim sokn

Gravlagde

- | | | |
|-------|---------------------------|---------|
| 12.04 | Gina Olufina Austrheim | f. 1921 |
| 03.05 | Bernhard Martin Austrheim | f. 1946 |
| 14.05 | Egil Magnus Leikvoll | f.1937 |
| 04.06 | Oddlaug Anny Bertelsen | f. 1939 |

Døypte

04.mai:

David Vågenes Mjøs
William Vågenes Mjøs
Maiken Sivertsen Njøten
Melina Soltveit Walderhaug

19.mai

William Kvinge Dyrkolbotn



ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1/4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!

Hjartelig takk

for omtanke, klemmar og fine blomster
ved vår kjære Erling Kvamme sin
bortgang. Me vil også takke alle som
kom og var med i Erling / pappa sin
begravelse. Takk også til presten Stein
Hugo, organisten Jostein, songar Amelie
og valthornist Tobias som gjorde stunda
i kyrkja ekstra fin. Ei takk også til alle
som sende minnegåve til Nordliheimen
på ca 11.500,-

*Helsing Margit, Marit,
Anne og Tove m/fam.*

Vår varmaste takk

Vår varmaste takk for all venleg
deltakelse, blomsterhelsingar og gode
ord i forbindelse med vår kjære mor Gina
Austrheim sin bortgang.

Ei spesiell takk til ansatte på
Nordliheimen, heimesjukepleien og lege
Jarle Gallefoss for god omsorg den siste
tida. Takk også til prest Runde Minde og
Jostein Hauge for at de var med å gjøre
dette til ei fin og minneverdig stund i
kyrkja. Tusen takk til alle som sendte ei
pengegåve til Årås bedehus

*Beste helsing Sigrunn, Gunn Marit og
Øystein m/familie*

Takk

Eg vil så gjerne takk for alle helsingar til 80 årsdagen min. Takk til diakoninemnda for hjartesjokoladen og Edvard Bjerkestrand som kom med den.

Helsing Edmund Synnevåg

Tusen takk

til diakoninemda for gåva eg fekk til 80 års dagen, min og ein ekstra takk til Målfrid som kom med den.

Helsing Marit.

Takk

diakoninemnda for hjartesjokolade og hyggelig besøk av Anny i forbindelse med 81 årsdagen min.

Hilsen Knut Daae

Hjarteleg takk

minnegåva som vart gitt til Nordliheimen i samband med gravferda til Erling Kvamme.

Takksame helsingar frå personalet og bebuarane ved Nordliheimen

Takk

til diakoninemda for sjokoladen eg fekk på min 80 årssdag . Takk også til Bodil som kom med den.

Helsing Hans Monslaup

Tusen takk

Tusen takk for omtanke, blomsterhilsener og gode ord i forbindelse med min mann, vår far, morfar og farfar Jørgen Tumyr Thorsen sin bortgang.


Takker også for deltakelse i bisettelsen og til alle dere som var med og gjorde at vi fikk en fin avskjed.

Hilsen Eline m/fam

Me takkar hjarteleg

hjarteleg for gåvene til minne om Gina Olufina Austrheim

Styret for Årás Bedehus



Takk

Takk for hjartesjokoladen som eg fekk til 84 årsdagen min. Takk til Tormod Mosland som kom med den.

Helsing Ole Lysø



Endring i utdeling av hjartesjokolade frå 2025

Diakoninemnda har i mange år markert bursdag til dei over 80 år med besøk og hjartesjokolade. Frå 2025 vert det ei endring. Då blir det besøk på 80 årsdag og 85 årsdag. Først frå 86 år vert det besøk kvart år.

Me gler oss til å komme på besøk.



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

DIN RØRLEgger I DISTRIKTET!

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oenstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN

Mob. 481 31 534

byggboe@online.no

VATNE
begravelsesbyrå
DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø
vatne-byra.no

HEDER

NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

Varm. Lokal.
Erfaren. Åpen.

Tlf: 56 37 14 10 • www.nordh-bb.no • Kyrkevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug

Marit K. Haukeland Marita Haukeland Sølv H. K. Mjøs Therese Kvalheim



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



SKOSALG på MASTREVIK TORG

lørdag 22.juni kl 10 - 14



Jeg gir meg med salg av sko, og selger i den anledning
ut alt jeg har av sko og sandaler til **50 %**



Janet Helen Rebnord Talberg ASTRHEIM FOTKLINIKK

PS Fotklinikken fortsetter som før, med fotbehandlinger!



Bilde: Knut T. Horvei

Glimt frå nasjonaldagen

17. mai vart som vanleg markert på Årás og Kaland. Her er nokre bilde frå dagen, samt eit utdrag av ordførar Morten Sognnes sin tale:

Kjære Godtfolk!
Gratulerer med dagen og takk for invitasjonen til å komma her, for å tale til dykk på nasjonaldagen vår. Eg er stolt over å få vere ein del av samfunnet vårt i Austrheim og eg har stor respekt for feiringa av dagen i dag, og det som flagget vårt står for og symboliserer.

17. mai i Norge er for dei aller fleste ein festdag, forbunde med bunader, is, pølser, barnetog og god stemning, aller

helst med eit gløtt av sol. I dag feirar me friheita vår, grunnlova vår og landet vårt.

I år er det også eit spesielt jubileum, som heng saman med Grunnlovsdagen som me feirar i dag. Magnus Lagabøte si landslov kom frå 750 år sidan, i 1274. Det var det første lovverket som gjaldt for heile Norge, og er eit av dei første eksempla på omfattande nasjonal lovgjeving. Dette jubileet kan Norge vere stolt av.

På slutten av 1800-tallet byrja dei første barnetoga, så feiringa av nasjonaldagen slik me kjenner den, har lange tradisjonar. Me feirar dagen i

samla flokk med borna i sentrum. Me stiller med flagg, barnetog, kransnedlegging, musikk og skulekorps. Vår feiring med fokus på borna er kanskje det me er mest ulike frå andre land sine feiringar av nasjonaldagar. 17. mai er også den dagen ein ser flest bunader, og toga ville ikkje vore like fargerike utan bunader og alle borna !

I mange andre land er det våpen, soldatar og militærutstyr dei viser fram på sine nasjonaldagar. Eg er glad det ikkje er slik i Norge!

Dei fem krigsåra 1940 - 45 viste oss kva det vil sei å mista fridommen. I dei åra var det mange frå kommunen vår som kjempa imot okkupasjonsmakta, mange var i handelsflåten, i dei militære styrkane, mange dreiv med illegalt arbeid her heime, og ikkje alle kom frå det med livet i behald. Me skal vere djupt takknemlege for innsatsen dei alle la ned.



Bilde: Knut T. Horvei

I dag blir det mange stadar i landet lagt ned krans til minne om dei som ofra livet for fedrelandet vårt. Krigen viste oss og den sterke symbolverdien flagget vårt har.

Under andre verdskrig, var det flaggforbod for det norske flagget, men etter denne har flagget vore helt sentralt under 17. mai feiringa over heile landet!

Bilde: Knut T. Horvei



I 77 år hadde me ikkje krig mellom nasjonar i Europa (1945 – 2022). Så sjokket vart stort den 24 februar i 2022, då nabolandet vårt Russland gjekk til full krig mot Ukraina. Me ser no kor farleg det er å ikkje ha ytringsfridom og ikkje eit sterkt forsvar. Til dagleg kan me lese aviser og sjå på nyheitene om dei forferdelege tilhøva ukrainarane lever under. Der bruer og byar blir øydelagt og mange folk blir drepne. Me ser at dei kjempar tappert for å behalda heimlandet sitt.

Det som skjer i Gaza finn eg ikkje ord for. Det er viktig at Norge som nasjon, og med sine frivillige, også

engasjerer seg her, og aktivt kjempar for menneskeverdet.

At me, medan grusomheitene skjer andre stadar i verda, kan leve i fred og fridom her i Norge er ein umisteleg verdi, som me alle må vera takknemlege for på ein dag som denne.

17. mai er dagen for å reflektera over kva dei norske verdiane betyr. Me må sikre at kommande generasjonar også forstår kvifor vi feirar grunnlovsdagen og kor viktig denne er for oss som sjølvstendig nasjon. Dette er dagen for samhold og fellesskap, med plass til alle!



Bilde: Bilde: Renee Semmingsen

Min Salme

Torunn Øksnes



Fra vår rike salmeskatt, vil jeg velge "Fager kveldsol smiler" som min salme.

Dette er en av de fine salmene som er gitt videre fra generasjon til generasjon. Også mye brukt som kveldsbønn.

Kanskje er det noen som kan minnes at de sang den som avslutning av skoledagen, stående ved skolepulten. Slik mor fortalte fra sin skoletid på Utvær.

"Fager kveldsol smiler" er kanskje mest kjent som en salme ved begravelser.

I Øksnesfamilien blir denne også ofte sunget når vi er sammen i glede, slik som slektstreff og bryllup. Det å stå sammen, enten ved en grav, eller som en avslutning på et hyggelig samvær, binder oss sammen i sorg og i glede. På den måten bringer også vi salmen videre til de nye generasjoner.

Salmen er opprinnelig en tysk sang skrevet av August Heinrich Hoffmann von Fallersleben fra 1837. Den ble oversatt av Peder Hognestad og trykt i Norsk Barneblad i 1904. Melodien er av Christian Heinrich Rinck og er salme nr 817 i Norsk salmebok.

**1. Fager kveldsol smiler over heimen ned,
jord og himmel kviler stilt i heilag fred.**

**2. Berre Bekken brusar frå det bratte fjell,
høyrr, kor sterkt det susar i den stille kveld!**

**3. Ingen kveld kan læra bekken fred og ro,
ingi klokke bera honom kvilebod.**

**4. Så mitt hjarta stundar, bankande i barm,
til eg eingong blundar i Guds faderarm**

ÅRÅS BEDEHUS

Første møte etter sommarferien vert 1. September kl 11:00.

Austrheim Indremisjon



Åpningstider for kyrkjekontoret i sommar:

Det er redusert åpningstid på kontoret i sommar, men det vert mogeleg å legge igjen beskjed på telefonsvarar. Her kan du legge igjen beskjed, eller be oss om å ta kontakt med deg. Me vil me som vanleg svara på epost –

post.austrheim@kyrkja.no

Austrheim Seniorkor sender stor takk til alle som deltok på KORKAFEEN vår i april. Takk og til alle bedrifter som bidrog med åregevinstar.

Seniorkoret har øving annankvar torsdag i kyrkjelydshuset på Austrheim, frå kl 11.00 til 13.00.

Dirigent er Kjersti Møllerup Wiik.

Oppstart etter ferien: Torsdag 22.august kl 11.00

Gamle og nye medlemmer er hjarteleg velkomne

Biblioteket har ope i heile sommar!

Frå jonsok vil me ha hobbystasjon der du mellom anna kan teikna, perla eller bygga med lego.»

GÅR DU I 1. - 7. KLASSE?

Då kan du bli med på den kulaste sommarlesekampanjen i Noreg!



Lag din eigen profil på sommarles.no og les så mykje du orkar i løpet av sommarferien. Les bøker og sommarlesforteljinga til Mari Moen Holsve, og få kule prémiar!

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

FONNES FILIAL

Fonnes filial har flytta til nye og fine lokale på Kaland skule.

Du finn oss vegg i vegg med barnehagen, inngang ved den gamle naturfagsalen i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Den nye filialen har fokus på barnebøker.

Filialen vil vera open for publikum annankvar torsdag (oddetalsveker) 10-16.00.

Følg oss gjerne på facebook

GOD BOK

KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel

Tlf: 40 90 02 16

Sætremelyka 2-k-hus

Tysdag, Torsdag og Fredag

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson

Tlf: 96 62 66 56

Sætremelyka 2-K-Hus

Tysdag, Onsdag og Torsdag

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Åpningstider for publikum:

08.30-15.00

Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:
kl 08.30- 15.00



Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42
56 16 21 38

Høryselskontakt i
Austrheim 56 16 21 23



 Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvarer - Bokhandel/Leikar Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Targehandel - Båt/Fiskeutstyr

Mastrevik torg
Velkommen til ein god handel!



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spor oss gjerne om mer informasjon.



Fosnøy Bilsenter

Tlf. 56 16 75 50



DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



*Oppussing av
gravmonumenter*

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oenstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no



VATNE
begravelsesbyrå


Tlf: 56 35 09 10 (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø
vatne-byra.no



Varm. Lokal.
Erfaren. Åpen.





Marit K. Haukeland Marita Haukeland Sølv H. K. Mjøs Therese Kvalheim


Tlf: 56 37 14 10 • www.nordh-bb.no • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug



Bygdatreff i april og mai

I april var overskrifta «17. mai i bygdene våre før, slik vi hugsar». Dei som hugsa Ivar Bergsvik som fortalte om sine opplevingar i bygda med raketttoppskyting. Åshild Hope Herland fortalte frå Kaland-området med tog og samling på Kaland skule. Anne Karin Sætre skulle fortelja frå Austrheim, men kunne ikke komma, så Rune tok seg av

det og viste eit koseleg video-klipp av faren, Trygve Minde. Han og mange andre, viste det seg, sette pote på sjølvaste 17. mai. Elles var vel feiringa mykje lik slik som no med tog, tale og leikar. Seniorkoret med Jostein var også inviterte og song fleire fine songar. Det var fullt hus, god prat og mat.



I mai var overskrifta til det siste bygdatreffet var Kjells skrålakk på livet. Nokre fantastiske timar med 70 frammøtte som ville høyra bygdemannen Kjell Bergsvik. Ein allsidig mann. God å fortelja om oppveksten sin med humor og musikk. Han trakterer piano, munnspele, gitar og ikkje minst

saksofon. Ja, i eitt av innslaga plystra han noko heilt imponerande. Med Rune som leia dagen med artige kommentarar, Jan med si songglede, den positive Jostein som alltid stiller opp, mat og kaffi, vart det ein alle tiders dag.

Takk for dette halvåret, og velkommen tilbake til hausten.





Temakoveld/ Sosial samling

KONSERT

Musikalske blikk på **Olav Nygard**

Austrheim kyrkje

Søndag 15. september kl 18.00

Amalie Duesund, fløyter **Rune Alver**, piano

Gratis inngang, kollekt

På Kyrkjelydshuset, mandag
17.06.24, kl 19:00

Frode Brügger Sætre

er misjonær for NMS i Mali og Guinea.
Han er no heime på ferie og vil fortelje om arbeidet han står
i og oppdatere oss om ting som skjer i området der.

“Mini basar”

med åresal der inntekta går til misjonsprosjektet som
Frode jobbar for.

Kveldsmat med smørjemåltid og tid til ein prat!

Velkomne!



Fredsmarkering

Det er ein flott og god tradisjon å kunne samlast på Selsøy og markere fridomen som kom 8.mai, og å hugse på dei som kjempa for landet vårt og dei som gav sitt liv. Neptun laga som vanleg til eit flott arrangement, og i år var det som Idar Hopland sa to førstereisgutar. Morten ordførar og Stein Hugo prest var med for første gong. Dei gjorde begge ein god jobb.

Det var også med musikalske krefter. Austrheim seniorkor med dirigent Kjersti Møllerup Wiik song vakre vårsongar for oss. Saman med organist Jostein var Ann Kristin Rosendahl og Birgitte Gullaksen på blåseinstrument . Barnehagen stilte opp og song for oss, og det var elevar frå Kaland som hadde diktopplesing.

Hjarteleg takk til Neptun som har laga til eit så flott anlegg på Selsøy, og for at dei steller i stand fredmarkering kvart år.

Fonnestdagane 2024

Fredag 9/8 kl 17-24
"Dajen før Dajen"
med sjømatkalas og bryggedans

Lørdag 10/8 kl 12-16
"Dajen dar folk møtes"
Utstillinger, marknad, servering,
underholdning m.m.

Søndag 11/8
"Dajen derpå"
DS Oster kjører t/r Fedje kl 10
Gudstjeneste i teltet kl 12

Meir info kjem - følg oss gjerne på facebook !



**FONNES
BYGDELAG**



**FONNES
DAJEN**